

Granvin herad

Planprogram

Detaljreguleringsplan Skielva, PlanID 12342014001



Granvin herad, teknisk etat
29.01.2014

Innhold

Innleiing	2
Bakgrunn	2
Føremål.....	2
Planområde	2
Planprosess.....	3
Organisering av planarbeidet	4
Framdriftsplan	4
Informasjons- og medvirkningstiltak, herunder særlige tiltak overfor spesielt berørte grupper	4
Alternativvurdering	4
Konsekvensutgreiing	4
Landskapsbilde/bybilde.....	4
Nærmiljø og friluftsliv.....	4
Naturmiljø	5
Kulturminne og kulturmiljø	5
Naturressurser.....	5

Innleiing

Det har i fleire år vore få tilgjengelege byggjetomter i Granvin. Granvin herad har difor forsøkt å stimulera til nye tomter på ulik vis. Samstundes har me jobba me fleire kommunale tomte-prosjekt med vekt på sentrumsnære tomter.

Bakgrunn


Bakgrunnen for planen er ønske om nye bustadtomter. Dette er eit mål i både kommuneplanen si samfunnsdel frå 2005 og Arealdelen frå 2009. I planstrategien var det lagt inn planarbeid for eit bustadfelt. Val av område vart utgreidd i ei prioriteringssak for heradsstyret som første gong vart lagt fram i mars 2012. Som del av denne vart det føreteke skredvurderingar, landskapsanalysar av elevar frå HiSF og laga kostnadskalkyler. Ein sila då ut to område. Det vart utarbeida ein tomteplan om desse to av Geoplan AS. På bakgrunn av denne, samt administrasjonen sine utgreingar, vart det lagt fram sak for heradsstyret 06.11.13. Her var Skielva prioritert.

Føremål

Me ønske å leggje til rette for eit bustadfelt på området med bustadområde, leikeområde, infrastruktur mm. Sikring av området mot hendingar frå Skielva er og del av planarbeidet.

Planområde

Området vart regulert til bustadareal i reguleringsplan for Røystrand 1978 og låg som bustadareal i kommuneplanen. Området vart teke ut og regulert som LNF ved ein seinare revidering av kommuneplanen. Dette vart opprettheld i gjeldande kommuneplan slik at område no ligg som LNF. I medhald av plan og bygningslova § 12-3 vert planen difor også utarbeid med konsekvensutgreiing etter reglane i kap 4.



På den vestre del (Røystrand) sida av skielva grensar arealet til næringsareal og kommunalveg. Det er innkjøring til arealet eit stykke oppe på den kommunale vegen. Det har vore gjenstand for fleire store inngrep, som td. Masseuttak og masselagring, er i dag nytta som depotplass for biologisk treavfall. Elles er det kratt og lauvskog på deler av arealet, grunnen er mest stein og grove massar. Det kan ikkje dyrkast per i dag og areal ser ut til å ha liggja ubrukt lenge.

Skielva som renn i grensa av området er del av Granvinsvassdraget som er eit verna vassdrag etter verneplan 3, 1986. Det har igjennom tida vore gjenstand for ein del sikringstiltak på begge sider av elva. Tiltaket er ikkje tenkte å påverka dette. Del ligg føre ein tiltaksplan for ny plastring på venstre side og rensking og utbetring av masseavlagringsbassenget med botnplast. Ein vil leggje til rette for at tilkomsten til elva skal være same som i dag. Det skal utførast ein faresonekartlegging etter krava i TEK10 som grunnlag for sikring av området. Elles vil eksisterande vegetasjonsbelte og skråning mot elva bli opprettheldt, så tiltaket bør ikkje verke inn på elvas løp.

Av overordna rammebetingelsar som vert lagt til grunn er:

Brev frå MD om arealar til bustadbygging

Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen (1995)

Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag (1994)

T-1497 Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging

Fylkesplan for Hordaland 2005 - 2008

Planprosess



Planprogrammet ligg ute på høyring i 4 veker . Grunneigarar og offentlege instansar vert varsla med brev

Organisering av planarbeidet

Planleggjar og tiltakshavar er Granvin herad, teknisk etat.

Framdriftsplan

Steg	Mynde	Tidspunkt
Vedtak av prioritering	HS	06.11.13
Oppstartsmelding og planprogram	FS	Februar 2014
Infomøte	-	Februar 2014
Fastsetjing av planprogram	FS	Mars/april 2014
Vedtak om offentlig ettersyn	FS	Mai/juni 2014
Slutthandsaming	HS	November/desember 2014

Informasjons- og medvirkningstiltak, herunder særlige tiltak overfor spesielt berørte grupper

Kommunen søker samarbeid med enkeltpersonar, næringsliv og organisasjonar, alle som vil kan gje innspel til reguleringsplanen. Det vil bli arrangert infomøte på Granvin heradshus i løpet av oppstartsperioden. Informasjon vil også vere tilgjengeleg på heradet si heimesida www.granvin.kommune.no

Alternativvurdering

Alternativvurderinga tek utgangspunkt prioriteringssak for bustadfelt, handsama i Granvin heradsstyre 06.11.13. Granvin herad, teknisk etat skal med grunnlag i dei utgreiingar som vert gjort utarbeide eitt planforslag til reguleringsplan. Berre det regulerte alternativet skal konsekvensutgreiast og samanliknast med dagens situasjon (0-alternativet).

Konsekvensutgreiing

Som nemnt ligg området som LNF i gjeldande kommuneplan. I medhald av plan og bygningslova § 12-3 vert planen difor også utarbeid med konsekvensutgreiing etter reglane i kap 4.

I KU for dette tiltaket vil naturmiljø, kulturminne og landskap vere viktigaste tema. Deltema skal utgreiast med utgangspunkt i metodikk frå Handbok 140 om konsekvensutgreiingar.

Landskapsbilde/bybilde

Dette omhandlar dei visuelle tilhøve knytt til kulturlandskapet, kulturminner og kulturmiljø. Her vurderast naturlandskap og vegetasjon som visuelt element i landskapet og området i ein heilskap med kringliggjande område.

Grunnlag for konsekvensutgreiing vil vera:

- Landskapsklassifisering med utgangspunkt i Nasjonalt referansesystem for landskap (Skog og Landskap).
- Landskapsanalyse for Granvin herad (Aurland Naturverkstad).

Nærmiljø og friluftsliv

Inkluderer området betydning for trivsel, samvær og fysisk aktivitet for dei som bor i eller er brukarar av et området. Dette gjeld også identitetsskapende områder og stedets sosiale liv.

Grunnlag for konsekvensutgreiing vil vera:

- Kartlegging av barnetrakk/skuleveg
- Lokale turstiar/turkart, lag mv.

Naturmiljø

I høve til utredning av konsekvensar for naturmiljøet er det eit tydelegare krav til dokumentasjon og undersøkingar med innføring av naturmangfaldlova. Det finst er rekke kjelder for registreringar av naturmiljø som skal inngå i grunnlaget for konsekvensutgreiinga:

- NATURBASEN: Naturbasen (Direktoratet for naturforvaltning)
- Kartlegging av biologisk mangfald og naturtypar i kommunen.
- Viltkartlegging i kommunen.
- Artsdatabanken og universiteta sine baser for mose, lav og sopp.
- Oversikt gytebekker i Hordaland

Kulturminne og kulturmiljø

Tema omfattar fornminner, nyare tids kulturminne og heilskapelege kulturmiljø. Dette inkluderer òg den historiske delen av kulturlandskapet. Kjende kulturminne innafor influensområda skal registrerast og kartfestast. Og nye registreringar etter både automatisk freda kulturminne, nyare tids kulturminne og heilskapeleg kulturmiljø skal gjennomførast om naudsynt. Potensialet for å gjera nye funn av til no ukjente automatisk freda kulturminne skal vurderast, skildrast og kartfestast. I samråd med ansvarleg kulturstyresmakt skal behovet for ytterlegare undersøkingar for ikkje-synlege fornminne avklarast.

Grunnlag for konsekvensutgreiing vil vera:

- Askeladden og SEFRAK
- Lokale kartleggingar av fornminne i Granvin.

Naturressurser

Det er ressursgrunnlaget for verdiskaping og sysselsetting innan primærnæring som skal vurderast. Dette inkluderer både fornybare og ikkje-fornybare ressursar.

Grunnlag for konsekvensutgreiinga vil vere:

- Landskapsanalyse for Granvin herad (Aurland Naturverkstad).
- Omsyn til jordvernet skal vektleggast. Det skal lagast ei oversikt som syner kor mykje landbruksareal som går tapt i tiltaket.